

Til Osterøy Kommune

Søknad om tilskot til prosjektet Stien til Bruviknipa 822 moh.

Søknaden gjeld utbetring av stien opp til Bruviknipa på Osterøy. Prosjektet vert utført av Stibbyggaren as og er kostnadsrekna kr. 3,0 mill kr. Inkl. mva.

Søknadsbeløp: **kr 500.000.**

Søknader til andre instanser utgjør differensen kr 2.500.000 opp til samlet kostnad.

Tilskot kan gjevast over 2 år, kr. 250.000 i 2023 og kr. 250.000 i 2024.

Bakgrunn for prosjektet.

Auka vektlegging av friluftsliv som folkehelseiltak med vekt på skånsom bruk av naturen, har resultert i mange tilretteleggingsprosjekt i norske fjellområde. På Osterøy er Bruviknipa den klart mest besøkte fjelltoppen. Kvart år går nokre tusen personar frå parkeringsplassen på Båtaleitet (360 moh) opp den såkalla Brattløypa. På det myrlendte terrenget frå Skuransleite til stigninga ved Hæddena og vidare om Middagshaugen til topps, har sterkt auka trafikk ført til fleire parallelle stiar. Vatn som strøymer i stiane har ført til store erosjonsskader på terrenget.

Mål for og tiltak i prosjektet

Prosjektet har følgjande resultatmål, fullført når prosjektet er ferdig:

- Leggje ut stein i våte parti
- Byggje sherpatrappar med breidde 1,2 m i bratte parti
- Setje vegetasjonen tilbake der det har utvikla seg parallelle stiar
- Byggje vannrenner og stikkrenner ved å plastre sidene av bekkeløp.
- Leggje tilrette for kvilestader

Prosjektet sine effekt mål, på lengre sikt:

- Få kontroll med aukande slitasje og skåne naturen
- Betre tilkomst for dei som har utfordringar med å gå i naturen, ved lågare trinn og mindre bekkefar i stien
- Eit tiltak for å gjere Osterøy kommune attraktiv som berekraftig reiselivskommune

Tidlegare gjennomførte tiltak.

Osterøy Turlag har gjennomført skilting og merking av stiar til turmål i dette fjellområdet. I myrlendte område er det lagt ut klopper. Topografien i området gjer at utan klar avgrensing av stier og bekkeløp spreier trafikken seg, både i myrlendt og i steinete bratt terreng.

Vedlegg: Prosjektbeskrivelse: Stien til Bruviknipa 822moh.

På vegne av Osterøy Turlag

Trond Lillejord (sign.)